

Etne Sogelag

Årsmelding 2025

Styret 2025

Formann: Nils Halleland

Nestformann: Paul Tungesvik

Skrivar: Liv Tesdal Mjelde

Kasserar: Kari Tveit-Birkenes

Styremedlem: Magnhild Hovin

Styremedlem: Astrid Trå Sørheim

Varamann: Ove Kahrs Wangensteen

Varamann: Johannes Svendsen

Årsmøte for 2025 vart halde på Åkrafjordtunet den 13. februar 2025. Etter at årsmøtesakene var handsama, var det kulturelt innslag med Sigrid Bjelland Henriksen, intervju av Nils Halleland, - og matøkt der det vart servert betasuppe og kaffi med kake.

Etne Sogelag har hatt 11 styremøte gjennom året i tillegg til samlingar i fob arrangement me deltok på. Nokre saker er i tillegg handsama gjennom elektronisk dialog mellom styremedlemmene. Sakene har for det meste vore knytt opp mot ulike arrangement laget deltok i.

Ombygginga på Skakke har ført til skade på noko av materialet som låg på det gamle lageret. Her står framleis att omfattande opprydding. Boklageret er rydda og systematisert betre.

Det har gjennom dei siste åra vore gjort mykje vedlikehald på Tongahuset, men i 2025 har det ikkje vore behov.

Arbeidet med ny heimeside for Etne sogelag er omfattande og har halde fram gjennom heile året. Me fekk 100000,00 i tilskot frå Etne kommune – Kraftkontrakten. Dette var heilt avgjerande for at me kunne kjøpe ny plattform for å utvikle og lettare kunne vedlikehalde sida. Løysinga vart innkjøpt frå Omega design.

EVOS (videograppa) signaliserte at dei trong hjelp til å ta vare på det omfattande materialet dei har samla inn opp gjennom åra. Sogelaget er tilbydde å overta dette materialet på litt sikt. Det har vore viktig å få digitalisert samlinga og Sogelaget søkte om tilskot for å få dette gjort. Sparebanken Norge gav 80000,00 til arbeidet og EVOS, i regi av Etne Sogelag, kom godt i gong med å få dette gjort.

Arbeidet i prosjektgruppa for nytt signalbygg , «Magnushallen», for oppbevaring av vikingskipet «kong Magnus», samt visningsplass og utstilling for Etne si rike kulturhistorie held fram.

Nils Halleland frå Etne Sogelag, er med i ei prosjektgruppa for å følgje arbeidet vidare.

Økonomien i laget er god, med eit overskot for 2025 på 72 625,98.

Takk til skriftstyret og alle våre medlemmer som bidreg med tekstar til årboka samt bidrar på ulik vis på arrangement og dugnader.

Det var omlag 220 medlemmer i laget ved årslutt.

Aktivitetar:

- Årsmøte i Hordaland sogelag var dette året halde på Tysnes og Fitjar hotell. Paul Tungesvik var utsending frå Etne.
- Jonsokfeiring på Sæbøtunet i samarbeid med Sunnhordland Museum, og Etne sogelag, Magnhild Halsnes Hovin og Gunnbjørg Ljusnes. Kjell Pedersen, Sigmund Høyland underheldt med song og musikk. Det var ulike leikar for born og vaksne samt sal av kaffi og vafler/lappar. Stort fint bål. God oppslutning og ein kjekk kveld og godt samarbeid med Sunnhordland museum.
- Sogelaget deltok med stand under Etnemarknaden. Tema var utvandringa til Amerika. Me arrangerte konkurranse. Godt besøk og gode tilbakemeldingar.
- Busstur til Hardingsete og Fartøyvernsenteret i Norheimsund. Middag ved Langhuset restaurant i Odda. Omlag 50 personar var med.
- Sogelaget hadde stand på Bondemarknaden med sal av bøker og hefte. (Kari Tveit-Birkenes, Liv Tesdal Mjelde, Dag Silde, Gunnbjørg Ljusnes og Karsten Lunde)

- Temakveld i Stødle kyrkje i samarbeid med Etne Sokneråd den 5/10. Tema var Stødle kyrkje si historie. Atle Aas og Ingvor Gundegjerde kåserte.
- Utgjeving av årboka for 2025: mange gode tilbakemeldingar på godt innhald og vel gjennomført arbeid frå skriftsstyret.
- Stand med sal av bøker og utlevering av årbøker på julemessa på Skakke ved Nils Halleland og Astrid Trå Sørheim.
- Stand på Julemesse i Skånevik ved Paul Tungesvik.
- Pakking og distribusjon av årboka ved styret med hjelp av Dag Silde og Gunnbjørg Ljusnes.
- Me arrangerte også i år juletreff, eller Grautafest med presentasjon av årboka 2025 på Skakke 4.desember. Elevar frå kulturskulen underheldt, Kjell Pedersen og Sigmund Høyland spelte til julesongar. Anders Haugland kåserte om utvandringa til Amerika.
- Presentasjon av årboka 2025 på Sjøperla i Ølen 10.12-2025.

Styret